



**Utmarksteigen som ligg i lia ovanfor Ospelunden bustadfelt skal forvaltast på ein slik måte at eventuell skredfare over feltet ikkje vil auke. Dette innber at det ikkje skal utførast større inngrep i lia, som omfattande planering eller fjerning av all skog. Det er foreteke ei vurdering av snøskredfare i området ved ekspertar. Forvaltningskomiteen handsama reguleringsplanen i dag og ei lang rekke mindre endringar vart føreteke av plan og føresegner. Det vart ingen endringar i forslaga frå rådmannen.**

\* Om høgdebasseng til forbruks- og brannvatn heiter det at bassenget skal utformast og sikrast slik at det ikkje utgjer fare for busetnaden nedanfor hvis det oppstår lekkasje frå bassenget.

\* På eller i tilknytning til bustadbygg på tomtene 2,3,4,34,49,50,51,52 og 55 skal det utførast tiltak for å redusera trafikkstøy frå fylkesvegen.

\* Det har vore reist spørsmål om overflatevatn og kapasitet på ein bekk i området. Kommunen har no opplyst at overvatn frå tomtene 1-4 og 9 skal ha lokal handtering. Det betyr at vatn frå desse tomtene som no vil gå til grøft langs veg.

\* I føresegnene heitte det før at det skal opparbeidast minst ein parkeringsplass pr. bueining, men dette er no endra til minst 1,5 parkeringsplass. Dette gjeld for konsentrert småhusbebyggelse.

Av Ola Matti Mathisen